

# Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR  
NR. 3 – OKTOBER 2008 – 11. ÅRGANG



## **Innhald:**

- |                                       |               |
|---------------------------------------|---------------|
| <b>Seminar og årsmøte i Stjørdal</b>  | <b>side 2</b> |
| <b>Fjellbeite gir sunnare mjølk</b>   | <b>side 3</b> |
| <b>Ny giv for seterdrifta i Snåsa</b> | <b>side 4</b> |
| <b>Ny fjellbygdpolitikk</b>           | <b>side 6</b> |
| <b>Seterkart</b>                      | <b>side 7</b> |

Norsk  
**Seterkultur**



## Seterbrukaren

blir utgjeven i fire gonger i året. Neste utgåve kjem i desember med frist for stoff og annonsar 20. november.

## God byggeskikk i Seterlandet

Nord-Østerdalen er et av landets mest aktive seterområder der både aktiv seterdrift og byggeskikk er ivaretatt på en svært god måte. Nå utarbeides det en egen byggeskikkveileder for området.

Byggeskikkveilederen vil beskrive typiske seteranlegg, bygninger og bygningsdeler, og også vise variasjoner og forskjeller i byggeskikk og egenart i de ulike seterområdene. Formålet med byggeskikkveilederen er å rettlede og inspirere til fortsatt ivaretagelse av den unike byggeskikken. Veilederen skal gi historisk bakgrunn og konkret kunnskap om kulturvern faglig istandsetting av ulike bygningstyper. I tillegg skal den gi gode eksempler på hvordan dette kan tilpasses til moderne drift og nye næringer. Arbeidet er igangsatt av Hedmark fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hedmark.

### Styret:

Stein Brubæk, leder  
6636 Angvik, tlf. 71 29 27 32/91 56 32 59  
sbrubaek@c2i.net

Siv Eggen,  
7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85  
sbeppen@msn.com

Geir Grosberg  
2640 Vinstra. Tlf 92 89 26 65.  
ggrosber@online.no

Odd Arne Espeland, Jondal  
5627 JondalTlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55  
odar-esp@online.no

Per-Sigve Lien  
Fagsjef i Tine Medlem  
per-sigve.lien@tine.no  
Tlf. 64 97 37 09/90 77 28 58

Varamedlemmer  
Mari Søbstad Amundsen

Oddveig Eggen  
2550 Os i Østerdalen Tlf. 62 49 71 86  
post@spellmoen.no

Nanfrid Røysland  
3656 Atrå  
selstali@selstali.com

### Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57  
E-post: seter@seterkultur.no  
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169  
Redaktør: Jostein Sande  
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS  
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.  
Framsidedfoto: Herdalsbudeie Malin Teigen.  
Foto: Marthe Mølstad

## Hvor går veien videre for norsk seterkultur?

Setersesongen ble avsluttet den 5. september her i nordvest. En topp sommer med fint vær, godt beite og mye besøk. Vanen tro ble kyrne litt vidfarende de siste ukene. Da ble det mange fine turer bak Stor-Krøsen eller til Aursjøen for å hente kyr. På veien over fjellet med kufflokket i hælene har jeg derfor hatt Norsk seterkultur i tankene både titt og ofte.

Norsk seterkultur er 10 år i 2009. Hvor står vi og hvor går veien videre? Det var også hovedtemaet på årsmøtet 2008 som vi hadde i Stjørdal den 2.–3. oktober. Oppmøtet var dessverre ikke stort. Desto gledeligere var det at vi fikk 4 nye medlemmer i løpet av årsmøtehelga! Og flere har kommet til via [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) siste ukene.

Det lave oppmøtet gjør likevel at slike debatter skjer på et ganske smalt nivå i organisasjonen. Men de som møtte opp var i høyeste grad med i debatten og på den bakgrunn synes jeg vi hadde et svært godt årsmøte. Årsmøtet var således en god veileder for styret for hvordan det skal arbeide videre i kommende år til det beste for setra og Norsk seterkultur. Dette er nedfelt i arbeidsplana som dere kan lese et annet sted i dette magasinet.

Det store engasjementet må også stå som årsak til at valgkomiteens innstilling i stor grad ble endret gjennom valget. Energiske og kreative innspill i debatten fra de som møtte og som ble valgt til verv vil helt sikkert komme styrearbeidet til gode!



Stein Brubæk, styreleder i NSK

## Årsmøte og seminar i Stjørdal

Det var seminar og årsmøte i Norsk seterkultur i Stjørdal 2. og 3. oktober. Valga resulterte i en del nye tillitsvalgte, og i tillegg til styret som er presentert på denne sida, ble Rolf Bråstad og Steinar Forrestad valgt til revisorer og i valgmennda for neste årsmøte finn vi Even Hov, Kjersti Reksen og Anny Opedal Fodnes. Av årsmeldinga som ble vedtatt går det fram at det har vært et aktivt arbeidsår, med Seterkonferansen på Røros i mai – med om lag 100 deltagere – som det største arrangementet. Årsmeldinga er å finne på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no). Årsmøtet vedtok handlingsplan for 2009, der det går fram at organisasjonen har store ambisjoner.

### Handlingsplan for 2009

Norsk Seterkultur (NSK) skal arbeide for best mulige rammevilkår for all seterdrift gjennom kontakt med offentlige myndigheter og faglag. Organisasjonen skal aktivt påvirke alle steder hvor rammevilkåra utformes.

■ NSK skal være til hjelp og støtte for alle typer setring.

■ NSK skal utvikle hjemmesida og Seterbrukaren som informasjonskanal og markeds plass for seterbrukere og offentlige myndigheter.

■ NSK skal gi ut 4 nr. av Seterbrukaren.

■ NSK skal arbeide med følgende prosjekter i samarbeid med andre aktører: Setermelka som egen merkevare  
Veileder for oppstart av setring  
Forskningsprosjekt om setras betydning for garden/bygda  
NSK vil søke samarbeid med fylker/fylkesmenn og stat om å utvikle hjemmesida til et samlende sted for informasjon og at den kan bli en markedskanal for ulike frembydere og etterspørere av varer og tjenester som setrene produserer.

■ Årsmøtet ber styret styret søke samarbeid med beslektede organisasjoner. Styret iverksetter først en spørreundersøkelse blant medlemmene om hvilke organisasjoner som er mest aktuell samarbeidspartnere og på hvilke nivå samarbeidet skal skje.

■ Årsmøtet ber styret arbeide for at laget får en mer stabil økonomi ved å øke annonseinntektene og etablere samarbeide med andre organisasjoner.

■ Kontigenten økes med kr. 100 for alle medlemskategorier.

## Seteraktiviteter i Nord-Østerdalen

Sommeren har hatt et stort utbud av fristende aktiviteter og opplevelser i seterområdene i Nord-Østerdalen. Matservering, kulturopplevelser, fjell, natur og dyr har vært på agendaen til de besøkende. Fylkesmannen har gjennom sin setersatsing jobbet aktivt for å stimulere til økt aktivitet på setrene i Hedmark. Hovedtyngden av setrene i fylket er konsentrert til områdene nord i fylket.

Nord-Østerdalen har mange aktive seterbruk med mjølkeproduksjon og dyr

på beite. Setrene er ofte konsentrert i seterdaler eller setergrender med tilhørende særegent kulturlandskap. Gjennom tilskuddssystemet har staten stimulert til å opprettholde den tradisjonelle seterdriften med mjølkeproduksjon.

I tillegg til dette har Fylkesmannen gjennom to år gitt tilskudd til gårdbrukere som vil satse på økt aktivitet på setrene sine, - da oftest knyttet til reiseliv. Setergrendene og seterområdene våre er unike og har

**Fortsetter side 7**

# Seterturné til sommaren?

Me er ei folkemusikkgruppe som kallar oss Gjetord. Grappa har eksistert sidan 2006, men besetninga har endra seg litt med tida. Medlemane er Ellen Marie Tangen frå Sollia i Østerdalen, Sarah Nagell frå Arizona, no busett på Rauland, Tove Dalbakk frå Rendalen og Magnhild Berge frå Ølve i Sunnhordaland.

Vårt konsept er setermusikk og seterkultur. Alle 4 har vore eller er folkemusikkstudentar ved folkekulturstudiet i Rauland, Telemark. Ellen Marie er geitbonde og har lang erfaring med seterdrift og har bruka musikken flittig i arbeidet. Magnhild har vore Ellen si buedeie dei tre siste somrane. Saman kom

me opp med ideen om ein seterturné der me vil kombinera seterhistoriar, sagn og egne erfaringar som buedeier med lokk, laling, bånussullar, slåttospel og alt anna som høyrer seterlivet til.

Sarah er vårt utanlandske innslag. Ho kom til Noreg for å læra seg å spela hardingfele og har eit stort engasjement for norsk folkemusikk og seterkultur. Tove er musikar på heiltid. Ho er blant anna med i grappa Majorstuen og folkemusikklaget Østerdølen. Syng gjer me alle fire, Sarah spelar også fele og hardingfele, og Tove spelar fele og cello. I tillegg har me kanskje med både munnharpe, fløyte og citera, alt etter som det passar.



Grappa Gjetord ynskjer å reisa på seterturné.

Treng du musikalsk underhaldning på ditt seterarrangement i sommar, eller har du lyst å ha ein stemningsfull konsert på setra er det berre å ta kontakt med oss på e-post: [ellmar@online.no](mailto:ellmar@online.no) eller [m.berge@heimtuft.no](mailto:m.berge@heimtuft.no). Eller på telefon 95088465 eller 99560939.

## Fjellbeite gir sunnere melk

Første års resultater i et Bioforsk-prosjekt viser at det er mer umettet fett og antioksidanter i sommermelk fra fjellbeite enn i vintermelk. Hvis disse resultatene blir bekreftet, kan det øke verdien av seterdrift og bruk av utmarksbeite.

[Jon Schärer](#)  
Journalist, Bioforsk

Etter en beitesommer på rundt 1000 meter over havet er kyrne ved Buodden i Valdres og Hamarsbøen i Hallingdal nede i bygda igjen. I fjellet har Hanne Sickel i Bioforsk og hennes medhjelpere fulgt kyrnes daglige vandringer. Hensikten er å finne ut hvilke planter kyrne spiser, og hvordan de påvirker melkesmak og kvalitet.

### Kvalitet

– Det er en utbredt oppfatning at melk produsert på stølen eller setra smaker bedre og er av generelt bedre kvalitet enn vintermelk. Dette er foreløpig ikke tilstrekkelig dokumentert her i landet.

– Men det er gjort tilsvarende undersøkelser på fettsyresammensetning i melk fra fjellbeiter i alpine hvor funnene stemmer overens med våre resultater hittil, sier doktorgradsstipendiat Hanne Sickel ved Bioforsk Øst Løken i Valdres.

Hun påpeker at kvalitet er et vidt begrep som omfatter mange egenskaper. Dette prosjektet ser spesielt på smak og innhold av fettsyrer og antioksidanter.

Sickel har foreløpig fjorårets resultater å støtte seg til. Årets beitesesong er så vidt ferdig, og det vil ta en tid før disse resultatene foreligger.

### God kjemi

Resultatene etter første år viste at innholdet av noen målte antioksidanter økte kraftig på fjellbeite. I sommermelken fantes det mellom 50 til 100 prosent mer vitamin E og



Svanei, vestlandsk fjordfe, ventar på mjølking på Flauseetra i Fåvang. Illustrasjonsfoto: Atle Meås

betakaroten enn i vintermelken. Mengden av antioksidanten lutein økte hele seks ganger i sommermelken.

Det er også en betydelig økning av umettet fett i sommermelken samtidig som at innholdet av mettede fettsyrer går ned. Mengden av alfaololensyre økte med cirka 60 prosent sammenliknet med vintermelk.

Dette er en omega-3 fettsyre, og økningen bidro dermed til at forholdet mellom omega-6 og omega-3 ble lavere, og dermed mer gunstig.

### Sammenhenger

Ved siden av spørsmålene omkring selve kvaliteten, ønsker Hanne Sickel å finne en eventuell sammenheng mellom de mest populære beiteplantene/vegetasjonstypene og sammensetning/innhold av fettsyrer og antioksidanter i melka.

Videre om helsegunstige fettsyrer og antioksidanter i melk produsert på utmarksbeite oppkonsentreres når melken videreføres til ost, smør eller fløte.

Hvis det kan dokumenteres at fjellbeite har spesielle kvaliteter, kan det øke verdien av utmarka. Det gjelder både ved utvikling av lokale matprodukter og merkevarer, samt at melk og kjøtt herfra kan selges med en høyere pris.

### Følger kua

Forskerne har i sommer hatt lange dager ved å følge kua ute på fjellbeite.

– Som en ekstra bonus har vi opplevd mange herlige situasjoner med det vi oppfatter som tydelig tilfredse og spreke kyr, sier Sickel.

Sammen med biologene Kristina Norderup og Ulla Falkdalen har hun fulgt kyrne i to uker på hvert sted.

### Ku-GPS

Ved siden av å samle inn beiteplanter, har de også tatt møkkprøver. Videre blir kyrnes bruk av beitet dokumentert ved hjelp av botaniske analyser og GPS i kombinasjon med vegetasjonskart.

Fem kyr i hver besetning utstyres med GPS hver dag i uken før hvert melkeuttak. Møkkprøver fra dyra samles inn daglig uka før melkeuttak og analyseres med hensyn på planteinnhold.

### Følgende hovedhypoteser søkes bekreftet/avkreftet i PhD-oppgaven:

1. Melk produsert på utmarksbeite i fjellet skiller seg kvalitetsmessig fra vanlig konvensjonell melk ved å ha en annen fettsyresammensetning og et høyere antioksidantinnhold.
2. Fettsyrer og antioksidanter i melk produsert på utmarksbeite i fjellet overføres og oppkonsentreres når melken videreføres til ost, smør eller fløte.
3. Det er en sammenheng mellom de vegetasjonstyper og planter som dyrene benytter seg av på utmarksbeite i fjellet og den fettsyresammensetningen og det antioksidantinnholdet som melken får på stølen om sommeren.



# Setra Grønningen i Snåsa – ein draum har vorte realisert



Det var ikkje akkurat økonomiske vurderingar som låg til grunn for at vi starta opp att med seterdrift. Det var meir lysten til å prøve seterlivet og å realisere ein draum vi hadde hatt ei stund, og dessutan å sette i stand igjen seterhusa – bygge opp igjen setertunet. Eit "alibi" for å få vera i fjellet var det og! Mål og motivasjon har forresten endra seg undervegs, vegen har vorte til mens vi har gått, så å seie – men vi har fått realisert ein god del av dei ønska vi hadde i starten. Det er Siv Beate Eggen som seier dette når vi spør om kvifor ho og mannen Ole Morten Eggen starta opp igjen seterdrifta i 1998.

Setra Grønningen ligg i statsalmenning om lag tre mil frå garden Eggen. I tidlegare tider hadde garden tre setre, to "heimsetre" nærare garden og altså denne setra lengst unna. Historia til setra Grønningen går langt attover, bl.a. veit vi at seterretten vart fornya i 1801, fortel Siv Beate. Det var eit opphald i drifta etter krigen, men så vart det bygd ny nytt fjøs i 1957. Ny seterstue var bygd året før, men den gamle vart ikkje reva. Turen til setra gjekk over fjellet, ein god dagsmarsj. Nokre kyr, ungdyr og sau fekk tilbringe sommaren der i lag med budeie og hjelparar. Ein del



Siv Beate serverer deltakarar på friluftspeke for barn og ungdom. Firmaet Destinasjon Naturopplevelser har fleire slike grupper på setra kvar sommar.

av seterprodukta var sjølsagt del av det daglege kosthaldet, elles vart det selt ein del til folk som kom innom. Det meste av smør og ost vart med heim over fjellet når hausten kom. Utpå 1960-talet kom det veg rundt, og paradoksalt nok, da vart seterdrifta nedlagt – men frå 1964 var det fellesdrift med ungdyr. Nesten all setringa i området tok slutt på 1950 og 60-talet, bilveg eller ikkje. - For ti år sidan starta så Siv Beate og Ole Morten opp att med seterdrift, åleine med slikt i

området nokre år, men no er det to setre til i drift i dette området og i sommar var det i alt 18 setre i drift i Snåsa! – Vi starta før setertilskotet kom, men det er ingen tvil om at den offensive satsinga med eit tilskot som monnar har gitt resultat i Nord-Trøndelag, seier Siv Beate.

Vegen til setra er lang og ingen tankbil kjem dit. Såleis må mjølka foredlast på setra. Sjølsagt er det ikkje heile buskapen på 70-80 krøter som blir ført til seters. Det held med to av dei 20-25 kyrne, dei





Det tradisjonelle seterstellet byr på mange spennande opplevsalar.



andre er tørre. I tillegg til dei to kyrne har dei kalvar og ungdyr på Grønningen. Garden har ein mjølkkvote på om lag 110 tonn. - Med to nybærkyr som mjølkar 50-60 liter pr. dag, så blir det ganske mykje å foredle, seier Siv Beate, som fortel at mjølka blir til m.a. rømme, tjukkmjolk, yoghurt og gomme – produkt som mange gjestar har lyst til både å smake og å kjøpe. Sist sommar flytta dei på setra midt i juli og var der ut august, og som somrane før fann mange gjestar vegen til setra. Det er aggregat som driv mjølkmaskina, men kokinga av gomme skjer på vedkomfyren.

Siv Beate fortel at det har vore mykje både restaurering og nybygging sidan dei tok opp att seterdrifta for ti år sidan. I sommar tok dei i bruk nybygg med kjøken og serveringslokale, og dermed kunne dei by gjestane på rømmegraut, tradisjonelle kaker og kaffe. – Vi har att meir for å foredle rømmen til rømmegraut, seier Siv Beate, som fortel at dei hadde ope fem dagar i veka denne sommaren – og elles høve til å bestille servering. Ho legg til at det er krevjande å drive både foredling og servering, døgnet skulle gjerne hatt fleire timar. Lysten til å starte opp med ysting er der, men det er eit spørsmål om tid og krefter strekk til. Det er ofte stritt nok å halde gryta med gomme i gang, når det strøymer på rømmegrautgjestar. Det er eit spørsmål kor stort ein skal drive, om ein skal greie arbeidet sjøl eller leige hjelp, seier Siv Beate, som ikkje gir noko endeleg svar på det spørsmålet. Siv Beate og Ole Morten har fire born, som alle er vaksne og som i utdanning og arbeid driv med alt anna enn gardsdrift. Men kanskje kan nettopp seterdrifta inspirere nokon til å ta over, seier Siv Beate. Kanskje er setra og seterdrifta det ekstra som lokkar ungdommen heimatt?

Setra Grønningen ligg i eit område der det etterkvart har vorte bygd mange

hytter – og ligg elles i innfallsporten til ein nasjonalpark. Hyttefolket er sjølsagt mellom gjestane, elles er det folk frå bygda, utflytta bygdafolk heime på ferie – men også mange turistar frå andre kantar. Trass tre mils veg frå bygda, så ligg setra lagleg til for at ein kan drive servering og salg av seterprodukt – men det er ikkje ein plass ein berre ”droppar” innom. Rømmegrautgryta er ikkje full heile tida, så det er greitt at folk bestiller. Siv Beate og Ole Morten er opptekne av at setra skal by på fred og ro, og dei er opptekne av estetikken – og at

det ikkje skal bli altfor kommersielt, som Siv Beate uttrykkjer det. Ho er elles lærar på heiltid, når ho ikkje er på setra – og fag som pedagogikk og musikk gjer at det ikkje er vanskeleg med arbeid. Fløyte er hovudinstrumentet, men også andre instrument er med til seters – og sist august kunne ho også invitere skuleelevane til seters, der blant anna fjøsstell sto på timeplana. Setra er eit veileigna ”klasserom”, avsluttar Siv Beate – som vi no forresten kan ønske lykke til som nyvalt styremedlem i Norsk seterkultur!


## Fleire setersoger: Sæterliv i Voldafjell

For eit par år sidan gav Valborg Hustadnes ut boka om sætrane langs Austefjorden. No kjem ho med boka om sætrane i resten av Volda kommune, i Bjørkedalen, på Folkestad og i Dalsfjorden. Det er eit storverk Valborg Hustadnes her har gjort med å samle opplysningar om seterlivet i Volda. Snart er dei munnlege kjeldene borte om denne viktige delen av kulturarven, og mange stader er også dei fysiske minna etter sætrane i ferd med å bli gjenerobra av naturen.

Hustadnes har heilt rett når ho i forordet skriv at til meir vi lærer om forferdane sine liv, til meir vørndnad får ein for dei. Det fine med denne boka er også at ho har tatt med mykje stoff om seterlivet og seterkulturen generelt, og det er gyldig for ein mykje større lesarkrins enn berre Volda. Ho skriv om transporten til og frå sætra og dei reiskapane som vart brukte og transportmåtane som vart brukte når dei dreiv sætrane. Ho skriv om hulder og trolldom og om gode råd mot sjukdom og trolldom.

Boka er fylt med både nye fargebilde av stølane og gamle bilde frå sæterlivets glandsdagar. Både i denne boka og i den forrige har Hustadnes også fått med fine kart som viser kvar sætrane ligg. Slik sett kan denne boka også vere nyttig som turbok for dei som vil lære meir om terrenget dei skal gå i. Volda har fått ein skatt med desse to bøkene. Andre kommunar burde lese og lære.

*Harald Kjolås, Sunnmørsposten*





# Ny fjellbygdpolitikk

Av Håkon Johs. Skarstad,  
avdelingsleiar Bioforsk Aust, Løken

**Regjeringa** skal leggje fram ein ny fjellpolitikk til våren. Det ventar vi på med stor interesse. Forstår ein det rett så er det tale om ein fjellpolitikk for Sør-Noreg. Då Bioforsk utarbeidde rapporten "Landbruk og landbrukstilknnyta næringar – Næringsutvikling i høgareliggjande strøk", var dette med geografisk avgrensing eit tema.

**Lokal identitet:** Norske og utanlandske utgreingar har vist at lokal identitet er ein føresetnad for levande bygder, og bygder med sterk lokale identitet har størst nyskaping. Fjellbygdene på Austlandet har ein felles fjellidentitet. Folk på Vestlandet har også ein sjøidentitet. Identiteten kjem til uttrykk gjennom folkemusikk og tradisjonskultur. Evig og tru til Dovre fell, sa dei på Eidsvoll. For å fri seg frå daneveldet vart fjellbygdene gjennom kunst og kulturytringar symbolet på det ekte norske. Nitimen kåra "Vinternatt i Rondane" til nasjonalmåleriet, fossekallen til nasjonalfuglen, røsslyngen til nasjonalplanta og brunosten til den norskaste matvara.

**Fjellbygdene** omfattar 52 kommunar og 20 % av arealet i Norge i følgje Bioforsk. Her bur det 170 000 personar og ingen kommune har over 7000 innbyggjarar. Folketalet har gått ned med 3 % på 10 år. Fjellbygdene lever i oljeskuggen. Det trengs ein eigen fjellbygdpolitikk, men er det opplagt for folk flest? Mitt enkle svar er at det trengs fordi fjellbygdene er unike både i ein nasjonal og internasjonal samanheng, unike fordi vi har ein natur som stikk opp av flatbygdlandskapet fjernt frå Alpane i sør og Uralfjella i aust.

**Naturen** er unik. Det kjem til uttrykk ved at om lag 20% av arealet er verna. Store delar av verneområda har sine kvalitetar på grunn av levemåte og landbruksdrift i fleire hundre år. Desse kvalitetane er sterkt truga som følgje av busettingsendringar, nedlegging av jordbruksdrift og klimaendringar. Fram til "Fjellteksten" kom i 2003, innebar vern ingen næringsaktivitet. Dette er i ferd med å endre seg. Det blir no utarbeidd forvaltningsplanar for verneområda der vern og bruk blir sett i samanheng. Helen Bjørnøy uttala i 2006 at skal nasjonalparkane bli ein ressurs for lokalsamfunna, så må utarbeiding av forvaltningsplanar skje så raskt som mogleg. Den nye fjellpolitikken må sikre at det skjer i praksis.

**Jordbruket** betyr meir for sysselsettinga enn elles i landet. Jordbruket er unikt, ikkje berre pga av stølsdrift, utmarksbeiting og



Fjellbygdene har konkurransefordelar når det gjeld opplevingar. Illustrasjonsfoto: Atle Meås

vinterfôr frå fjellet, men gardane er også mindre, brattare og jorda meir oppstykkja. Driftsgranskingane viser også at jordbruksøkonomien er dårlegare enn elles i landet. Jordbruksarealet over stølsområda er like stort som jordbruksarealet i Finnmark og Troms til saman. Utmarksressursane i fjellbygdene i eit globalt perspektiv med klimaendringar og matmangel er i denne samanhengen også viktig å fokusere på.

**Jordbrukstilskottet** i landet er delt i sju ulike sonar, der Finnmark og Troms får mest. Dersom soneinndelinga spegla av veksevilkåra, ville tilskotta til jordbruksareala i stølsområda vore like store som i desse fylka. Klimastatistikken viser i stor grad veksevilkåra. Kvifor skal ein som driv gard i Ringsaker 500 moh. vera plassert i sone 1, når ein tilsvarande gard i Valdres er i sone 5. Høgd over havet må bli eit kriterium i jordbrukspolitikken, fordi det vil motverke nedlegging av stølsdrift og sikre naturkvalitetane i området.

**Turismen** betyr meir for sysselsettinga enn elles i landet. Turistnæringa og jordbruket har det til felles at det i stor grad er familiebedrifter med stor arbeidsinnsats og låg timebetaling. Fjellbygdene har konkurransefordelar når det gjeld å tilby opplevingar og mat med spesielle kvalitetar, men både produsent og omsetningsledd slit med å få produkta fram til forbrukaren.

For produsenten er det mykje enklare å levere produkta på garden, og for mat- og serveringsbedriftene å kjøpe varene hjå grossist. Difor trengs det verkemiddel som gjer det enklare å produsere, omsetja og kjøpa lokal mat og opplevingar.

**Turistnæringa** har mange småbedrifter. For å utvikle reiselivsproduktet trengs fleire tiltak som ingen har spesielt ansvar for, men mange gjerne vil ha. Når regjeringa i sin reiselivsstrategi seier at "finansiering av fellesgoder i reiselivet" ikkje er aktuelt av prinsipielle og økonomiske grunnar, så bør det ikkje stå uprøvd. Fellesgodefinansiering er ikkje noko prinsipielt nytt og ingen ny skatt. I landbruket blir det trekt eit lite øre frå kvart kilo produsert vare til eit forskingsfond som Norges Forskingsråd forvaltar saman med næringa. Dette for å finansiere utviklingstiltak som små landbruksbedrifter ikkje klarer åleine. Fellesgodefinansiering inneber at alle som har nytte og glede av turismen bidreg med ein liten skjerv, slik at små bedrifter i fellesskap kan utvikle reiselivsproduktet. Einaste skilnaden er at her er det kommunane som forvaltar pengane saman med næringsutøvarane og ikkje Forskingsrådet. I Alpelanda er dette ein lenge praktisert politikk.

**Kompetanse:** Statistikk viser at i Norge er 35 % mellom 16-74 år leiarar eller sysselsette i høgskole- og akademiske yrke.



## Fortsetter fra side 2

et stort potensiale som grunnlag for reiselivssatsing. Her må det bygges opp et tilbud av produkter som kan tilbys de tilreisende. En slik satsing vil kunne skape en god tilleggsnæring til gårdsbrukene i Nord-Østerdalen.

Seterbrukerne har tatt utfordringen, og i løpet av sommeren 2007 har det vært et svært bredt spekter av tilbud i våre seterområder. Flere setre har hatt "Åpen Seter" med tilbud om matservering og opplevelser knyttet til matlaging, ysting og koking. Det har vært aktiviteter for barn, turstier, guidede turer, dyr, fiskeopplevelser m.m.

Å selge seterkulturen som produkt har også slått godt an. Den gode historien knyttet til seterlivet både før og nå, fortellinger om underjordiske, huldrer og mannfolk på frierfotter er opplevelser som fenger de besøkende. Seterbrukerne får hvert år tilbud om deltakelse på "Seterkonferanse". Her presenteres en del fagstoff i tillegg til at konferansen fungerer som en møteplass for seterbrukerne.

Mat og matopplevelser vil også stå sentralt i setersatsingen. Rundt 70 gårdbrukere har deltatt på kurs i enkel mjølkeforedling arrangert av Fylkesmannen. Dette med tanke på at seterbrukerne selv skal kunne lage produkter på setrene for salg til de tilreisende. Å bygge opp kompetanse på dette område er viktig. Det handler i stor grad om å ta tilbake den kunnskapen som delvis har gått i glemmeboken, - kunnskap som de gamle seterbudeiene satt inne med. Aktivitet og optimisme har positive ringvirkninger, og Fylkesmannen erfarer at mange seterbrukere nå har fått større tro på å glede av det arbeidet som gjøres på setrene.

Tilsvarende tal for fjellbygdkommunane er 17%. Det inneber at ungdom i fjellbygdene som søker slike karrierar dreg sin veg. Fråværet av slik kompetanse svekker næringsliv og busetting generelt. Dei som overtek gardsbruk har utdanning, men sjeldan landbruksutdanning. Det armar ut jordbruket, fordi det ein kan lite om ofte kjem i andre rekke når driftsopplegget skal stakast ut. Mangesysleriet har vore vanleg i fjellbygdene, og i eit multifunksjonelt landbrukskonsept blir det også viktig framover. Likeeins er det innanfor turismen. Tilgangen på kompetansesarbeidsplassar er ikkje høgare i typiske turistkommunar som Hol, Hemsedal, Øystre Slidre, Oppdal og Trysil. Ein framtidig fjellpolitikk må finne svar på dette.

**FoU-aktiviteten** i fjellbygdene er låg. Framtidig næringsutvikling krev større forskingsinnsats. I mange nasjonale forskingsprogram og satsingsområde har Nord-Norge spesiell merksemd. Tilsvarende fokus må også fjellbygdene få, fordi tilhøva her er spesielle.



Hjem til kveldsmelking. Sidet trønderfe, vestlandsk fjordfe og telemarkfe – hos Morten Granlien, Flausetra, Fåvang. Illustrasjonsfoto: Atle Meås

# De gamle kurasene

Norsk genressurssenter har overordnet ansvar for bevaring og bærekraftig forvaltning av de nasjonale husdyrrasene og samarbeider med bønder, enkelte institusjoner og avslag for hver enkelt rase om bevaringen. Raselagene for de gamle rasene har en felles interesseorganisasjon, Norsk Bufo, som arbeider for aktuelle saker i gammelrasemiljøet.

## Nedfrysing av sæd og embryo

Årlig tas det inn okser til seminproduksjon av de gamle rasene. Det er GENO som kjøper inn oksene og står for uttak,

nedfrysing og distribusjon av sæd til interesserte bønder. Utvalget av okser skjer i samarbeid mellom GENO, Norsk genressurssenter og avslagene. Sammen med en begrenset mengde med frosne embryo (befruktede egg) legges noe av sæden på langtidslager.

Norsk genressurssenter er et rådgivende og utøvende organ for Landbruks- og matdepartementet. Senteret initierer og koordinerer aktiviteter innen bevaring og bruk av nasjonale genressurser. Senteret er en avdeling ved Norsk institutt for skog og landskap.



På Nysætra i Rendalen er det drift. Foto: Y. Rekdal


# Seterkart

Norsk seterdrift blir mykje omtala, men vi har ikkje noko samla kartfesting av kvar setrene ligg. Dette vil det no bli retta på. Statens landbruksforvaltning (SLF) har gjeve Norsk institutt for skog og landskap (Skog og landskap) i oppdrag å lage kart og register over setrer i drift i Noreg. Berre setrer som får tilskot gjennom Regionalt miljøprogram (RMP) skal registrerast. Dette vil omfatte kring 1400 setrer. 200 av desse er fellessettrer. Frå før er setrene i Hedmark

registrert. Desse må ajourførast.

Prosjektet skal gjennomførast i samarbeid med fylka sine landbruksavdelingar, der desse står for innsamling av data i samarbeid med kommunane. Skog og landskap skal koordinere prosjektet og digitalisere og presentere data. Kart over setrer i drift vil bli lagt ut på Skog og landskap sine nettsider, og blir etter planen ferdig til våren. Prosjektansvarleg ved Skog og landskap er Michael Angeloff.

RETURADRESSE:  
NORSK SETERKULTUR  
6214 NORDDAL



Aktionsnummer: Foto: © Verne Gårdsas

## FORMEL

# FORMEL gir best tilpasning til beite

Rett FORMEL på beite gjør det enklere å:

- Holde ytelsen ved hard beiting
- Holde høgt proteininnhold i mjølka
- Tilføre nødvendige mineraler

<b>FORMEL Favor 28</b>	Til svært godt beite og raigrasbeite med lågt innhold av fiber.
<b>FORMEL Favor 30</b>	Til middels godt beite.
<b>FORMEL Elite</b>	Til middels beite og ønske om høy mjølkeproduksjon. Når beitekvaliteten avtar og kyrne må ha høy kraftforandel i fórrasjonen.
<b>FORMEL Favor 20</b>	Til utmarksbeite og svakt gjødsla beite.

Kraftfôrmengdene må justeres etter utvikling i mjølkemengden, holdet på dyra og beitekvaliteten.



## Bli med i



### Medlemskontingent 2008

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

### Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjon/institusjon
- Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn: .....

Adresse: .....

Telefon: .....

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

### NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57

E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)

Bankgiro: 2367 20 51 169



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen og vi støttar Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma